

URANGSVÅG BÅTLAG

LOVER OG HAMNEREGLER

Vedtekne på årsmøte 11.03.21

LOVER

- § 1 Laget sitt navn er Urangsvåg Båtlag. Virkeområdet til laget er Urangsvåg med omegn.
- § 2 Båtlaget skal arbeide for å fremma interesse for båtsporten samt taka vare på båteigaran si interesse på best måtelig måte. Laget skal også stille seg til disposisjon for medlemmene med råd i alle saker som ved kjem båten. Laget skal også gjeve råd til ikkje-medlemmer som vill kjøpa båt.
- § 3 Laget vert leia av eit styre på 5 personer:
- Leiar – Nestleiar- Kasserar – sekretær –**
- Styremedlem**
- Desse fem er også domsmenn i twistesaker.**
- § 4 Styret står føre alle forretningane til laget, og tek vare på laget sin økonomi og eigenluter. Det kallar sammen til møter og på det årlege årsmøte legg det fram årsmelding om laget si verksemd gjennom det siste driftsåret samt revidert rekneskap. Regnskapet skal fylgja kalenderåret og årsmøtet skal haldast kvart år innan utgangen av februar.
- Styret er vedtaksført når minst 3 av styremedlemmene er til stades. I høve stemme lik het har Leiar dobbelstemme. Styret kallar saman til styremøte så ofte det er naudsynleg – minst 3 gonger pr. år. Styret kan ikkje ta opp lån, eller selja nokon av lagets eigedom utan godkjenning av årsmøtet.
- § 5 Båtlaget er også ope for ikkje-båteigar. Styret har fullmakt til å taka imot innmelding frå nye medlemmer-
- § 6 Fartyregisteret til laget skal førast av styret. Fartyregisteret skal gjeve opplysningar om: Båten sitt namn- eigar- type- storleik- o.s.v.-
- § 7 Utmelding av laget skal skje skriftleg til styret innan utgangen av året.
- § 8 Dersom det er medlemmer som ved si åtferd vekkjer `` anstøyt `` eller vanleg foraring, verker til skade for laget, eller ikkje fyller opp laget sine lover, kan desse ekskluderast etter vedtak i styret. Dette vedtaket kan den einskilde medlem anka til årsmøtet. Årsmøtet kan ved vanleg fleirtal stadfeste eller om gjera styret sitt vedtak. Anken må framsetjast for styret innan 8 dagar etter at medlemet fekk melding om styret sitt vedtak og hansamast av det første ordinære eller ekstraordinære årsmøte.

Anken har utsetjande verknad på eksklusjonen i ein månad etter at ankefristen er ute. Styret kan, dersom dei finn det rimeleg, utsetja eksklusjonen til vedtak i årsmøte ligg føre.

§ 9 Den som har betalt skuldig kontingent har stemmerett på årsmøte. Dersom han / ho er forhindra i å møta, kan ektefelle / samboar med fullmakt stemme. Medlemskontingent og andre avgifter skal betalast pr. 14 dagar . Ved manglante betaling etter å ha sendt 2 purringar a 14 dagar kan styret ekskludere medlemmet frå Urangsvåg Båtlag i hen hold til § 8

§ 10 Styret kallar saman til årsmøte kvart år, innan utgangen av februar med 8 dagars varsel etter kunngjering i presse og / eller på ein annan tenleg måte.
Saker til årsmøte må vere styre i hende innan 31.12.
Årsmøte er vedtaksført når det er minst 3 styremedlemmer og 7 medlemmer til stades. Dersom ikkje dette antallet er frammoøtt vert det fastsett ekstraordinært årsmøte med nye 8 dagars varsel. Det ekstraordinære årsmøte er vedtaksført uavhengig av det frammoøtte antal medlemmer.

Årsmøte handsamer:

- **Årsmelding**
- **Revidert regnskap**
- **Framlegg til endringar av, og tillegg til lover**
- **Innkommne saker**
- **Val av styre:**
 - **Leiar – Nestleiar**
 - **Sekretær – Kasserer**
 - **Hamnesjefen i Urangsvåg**
- **Val av:**
 - **Valnemnd og Revisorar**


Kandidatar til tillitsverv i styret skal vere førespurd på førehand. Eit medlem som har vore i styret 2 år på rad, kan nekta å ta imot val for dei påfølgjande 2 åra. Leiar vert vald ved særvall for kvart år, det vert valde 2 styremedlemmer kvart år. 2 revisorar vert valde for 2 år om gongen. Medlemmer som ikkje er til stades på årsmøte kan veljast til tillitsverv.

§ 11 Styret kan dersom dei finn det naudsynleg når som helst kalle sammen til ekstraordinært årsmøte. Dersom 2/3 av laget sine medlemmer krev ekstraordinært årsmøte ved underteikna brev, skal styret snarast kalle sammen dette med vanleg varsel.

§12 Lovendringar må på årsmøtet ha 2/3 fleirtal. Andre avstemmingar avgjerast med vanleg fleirtal.

§13 Framlegg til oppløysing av laget må setjast fram på same måte som framlegg til lovendring. For at eit årsmøte kan veta eit slikt framlegg, må minst halvparten av laget sine medlemmer stemma. Vedtaket må gjerast med 2/3 fleirtal. Dessutan kravst det att framlegget om oppløysing har vore kunngjort i kunngjeringa av årsmøte. Medlemmer som har gyldig forfall, har høve til stemma ved rekommendert brev.

Dersom laget vert oppløyst, går ráderetten av laget sine midlar over til Bømlo Kommune inntil eit nytt lag vert skipa i Urangsvåg med omegn og dette viser seg levedyktig i 2 år etter skipinga.



HAMNEREGLER

1. Småbåthamna i Urangsvåg og Steganesbukta er berre for Urangsvåg båtlag sine medlemmer. Unnateke er gjestebøyer dersom det er ledige plasser.
2. Kvart medlem kan berre ha ein båt og ein slepejolle på 3,5 m så lenge plassen er avgrensa og etter samråd med gjeldande hamnesjef.
3. Hamneavgifta og moglege andre avgifter til laget vert fastsette av årsmøte.
4. Hamnestyret skal vera samansett av styret for laget + 2 hamnesjefar som vert valde for 2 år om gongen. Hamnestyret skal sjå etter at hamnereglane vert haldne, og att vedlikehald vert gjort.
5. Alle som tek i land fisk på bryggja, eller reparerer i hamna, skal rydda og gjera reint etter seg. Bryggjene skal ikkje nyttast som opplagsplass. Difor skal reiskapen, fiskekasser o.l. straks takast bort.
6. Medlemmene skal retta seg etter hamnesjefer sin tilvisingar.
7. Alle skal syna sjøvit og manøvrera minst mogleg i hamna.
8. Ein kvar er ansvarleg for skade han måtte gjøre på brygge eller på andre sine båtar. Alle motor båtar i hamna plikter å teikna ansvarsforsikring. Båtlaget er utan ansvar for skade påført båtar i hamna.
9. Båteigar må syte for vedlikehald på tilhøyrande utriger. Hamnestyret står til disposisjon ved behov for hjelp til reparasjon/vedlikehald.
10. Alle som har båtar i hamna pliktar å fortøye båtane sine skikkeleg. Dei pliktar og å retta på fortøyningane til andre sine båtar når det er naudsynt.
11. Bytte/sal av båt må meldes til hamnestyret for godkjenning og registrering i god tid før realisering.
12. Medlemmene skal ikkje låna bort plassen til andre. Ved fråvær over 1 månad, har laget råderetten over plassen og kan nytt den som gjestebøye. Hamnestyret skal ha 1 månads varsel når medlem kjem tilbake med båt.
13. Eit medlem som er mellombels utan båt, kan mot å betala hamneavgift få halda på båtplass. Eit medlem som sel båten sin, løftar ny tilknytingsavgift dersom han vil inn i hamna på nytt. Men han må stilla på gjeldane prioriterings liste for tildeling av båtplass.
14. Gjenlevande ektefelle til et medlem, beheld same rettane som avdøde.

15 Etterlevande barn beheld båtplass etter foreldrene, men må betale tilknytingsavgift etter gjeldane satsar.

16 For nødvendig vedlikehald pliktar alle medlemmer som har båtplass i hamna å delta med inntil 10 timer vedlikehald pr.år